

MØTEBOK KONTROLLUTVALET I VIK

Kontrollutvalet i Vik kommune

Møtebok

Møtedato: 23.11.22

Møtetid: Kl. 13.00 - 16.00

Møtestad: Kyrkjestova

Saksnr.: 14/22 - 18/22

Følgjande medlem møtte	Parti
Ronny Holen	SP
Marta Finden Halset	AP
Björg Hønsi Aafedt	SP
Bjarne Larsen	AP
Ragnvald Grov Sørđal	H

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedlem møtte	Parti

Andre møtedeltakarar	Rolle	
Øistein Søvik (sak 15)	Rådmann	Sak 15 og 16
Roy Egil Stadheim	Ordførar	Sak 15 og 16

Ugilde	Sak	Følgjande varamedlem møtte

Møteleiar:	Ronny Holen
Frå sekretariatet møtte:	Kristine Lie, PwC
Frå revisjonen møtte:	Asgeir Tveit, Vestland Revisjon KO (sak 15), Trine Havn, Vestland Revisjon KO (sak 16)
Dokument utlevert i møtet:	
Synfaring:	
Merknader:	

Underskrifter:

MØTEBOK KONTROLLUTVALET I VIK

SAKLISTE

14/2022	Godkjenning av møtebok
15/2022	Drøftingssaker, skriv og meldingar
16/2022	Forvaltningsrevisjonsrapport "Innkjøp og anbudspraksis i Vik kommune"
17/2022	Oppfølging i høve plan for forvaltningsrevisjon
18/2022	Utkast til møteplan for 2023

Sak 14/2022 Godkjenning av møtebok

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Kristine Lie	23.11.22	14/2022

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Møteboka frå møtet 21.09.22 vert godkjent.

23.11.22 KONTROLLUTVALET

Sak 14/2022 VEDTAK

Møteboka frå møtet 21.09.22 vert godkjent.

Samrøystes.

MØTEBOK KONTROLLUTVALET I VIK

Sak 15/2022 Drøftingssaker, skriv og meldingar

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Kristine Lie	23.11.22	15/2022

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Orienteringar, skriv og meldingar vert tekne til vitande.

VEDLEGG

Vedlegg nr.	Dok. Dato	Avsendar	Tittel
1	27.10.2022	Kommunestyret	Kommunestyresak 060/22 - Revidering av sikringsstrategi konsesjonskraft
2	27.10.2022	Kommunestyret	Kommunestyresak 067/22 - Investeringsbudsjett 2022, revidert per 2. tertial
3	27.10.2022	Kommunestyret	a) Kommunestyresak 068/22 - Budsjett 2022, revidert per. 2. tertial - sakspapir b) Budsjett 2022, revidert per. 2. tertial - hovuddokument c) Konsesjonskraft budsjett 2022 / ØP 2023-2025
4	27.10.2022	Kommunestyret	a) Kommunestyresak 069/22 - Rapport om finansforvaltning, pr. 2. tertial 2022 - sakspapir b) Finansrapport Vik kommune 2. tertial 2022 - hovuddokument
5	27.10.2022	Kommunestyret	Kommunestyresak 070/22 - Redusert eigedomsskattesats på bustad / fritidseigedom
6	13.10.2022	Sogn brann og redning IKS	a) Innkalling til møte i representantskapet i Sogn brann og redning IKS b) Sogn brann og redning IKS - protokoll frå representantskapsmøte 21.10.22
7	05.10.2022	SIMAS IKS	a) Innkalling til representantskapsmøte i SIMAS IKS

MØTEBOK KONTROLLUTVALET I VIK

			b) Møtedokument - representantskapsmøte i SIMAS IKS c) SIMAS IKS - økonomi- og investeringsplan 2023-2026
7		Vestland Revisjon KO	Overordna revisjonsstrategi for Vik kommune 2022

23.11.2022 KONTROLLUTVALET

Orienteringssaker:

Orientering frå revisor:

Dagleg leiar Asgeir Tveit i Vestland Revisjon KO orienterte om overordna revisjonsstrategi for Vik kommune i 2022 og gav ein presentasjon av selskapet.

Kontrollutvalet fekk høve til å stille spørsmål til revisor.

Orientering frå rådmann og ordførar:

Rådmann Øistein Søvik gav ei orientering om følgjande saker:

Budsjett 2023: rådmannen orienterte om arbeidet med budsjett for 2023 og økonomiplan 2023-2026, og uttrykte særleg bekymring for gjeldsutviklinga i kommunen, der det skal gjennomførast store investeringar i tida framover. Ein er særleg bekymra for utviklinga i lånegjelda i prosent av brutto driftsinntekter. Elles gjorde rådmannen greie for korleis Vik kommune tilpassar budsjett og økonomiplanarbeidet til situasjonen knytt til kraftpris, grunnrenteskatt og korona-kompensasjon.

Vidare orienterte rådmannen om sikringsstrategi for konsesjonskraft. Kommunestyret gjorde i møte 27.10 vedtak om at Vik kommune inntil vidare ikkje skal inngå fleire sikringar på Nasdaq, men selge all "ledig" konsesjonskraft i spot. Kommunestyret delegerte vidare mynde til formannskapet om, i særlege tilfelle, å evt. inngå nye sikringsavtalar. Det vart vidare vedteke at rådmannen rapporterer til kommunestyret per tertial om konsesjonskraftforvaltninga.

Rådmannen gav ei orientering knytt til finansforvaltningsrapporten, som skal omhandle status for forvaltninga og ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsføremål, status for gjeldsforvaltninga i kommunen og status for forvaltnings av langsiktig finansielle aktiva.

MØTEBOK KONTROLLUTVALET I VIK

Vidare orienterte rådmannen om redusert eidegdomsskattesats på bustad og fritidseigedom i Vik kommune, der kommunestyret i møte den 27.10.2022 vedtok å setje ned eidegdomsskatten for bus og fritidsbustader ned til 2 promille frå 01.01.2023.

Kontrollutvalet fekk høve til å stille spørsmål til rådmannen.

Vidare orienterte ordførar Roy Egil Stadheim om tema på representantskapsmøter i Sogn brann og redning IKS samt SIMAS IKS.

Kontrollutvalet fekk høve til å stille spørsmål til ordføraren.

Sak 15/2022 VEDTAK

Drøftingssaker, skriv og meldingar vert tekne til vitande.

Samrøystes.

Sak 16/2022 Forvaltningsrevisjon Innkjøp- og anbudsprosessar i Vik kommune

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Kristine Lie	23.11.2022	16/2022

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Kontrollutvalet viser til vedlagt forvaltningsrevisjonsrapport frå Vestland Revisjon.

Hovudkonklusjonar frå rapporten:

1. Har kommunen rutinar for anbodsinnhenting og prosjektstyring for investeringsprosjekt i teknisk sektor, og føl dei desse retningslinjene?

Konklusjon:

- Vik kommune har ikkje eigne utarbeidde styringsdokument for gjennomføring av konkurranse / anbudsprosessar ved innkjøp / anskaffingar i investeringsprosjekt i teknisk sektor.
- Vik kommune har i dei kontrollerte prosjekta etterlevd lov om offentlege anskaffingar når dei sjølv har utarbeida anbudsprosessar, og i den innkjøpte tenestene frå eksterne leverandørar.

MØTEBOK KONTROLLUTVALET I VIK

2. Føl Vik kommune lov om offentlege anskaffingar for innkjøp i drift innan teknisk sektor?

Konklusjon:

- Vik kommune bryt lov om offentleg anskaffing ved fleire høve når det gjeld innkjøp i drift i teknisk sektor ved å gjere direktekjøp utan avtalar over terskelverdiane etter lov om offentlege anskaffingar.
- Vik kommune har ikkje eigne rutineskildringar kring innkjøp
- Vik kommune har ikkje ein vedteken innkjøpsstrategi

Basert på konklusjonane syner revisjonen at Vik kommune har fleire område som bør forbetrast.

Revisor kjem med følgjande tilrådingar til prioriterte tiltak basert på det som kjem fram i forvaltningsrevisjonen:

- Vik kommune bør vurdere å utarbeide skriftlege rutinar for kjøp etter lov om offentlege anskaffingar
- Vik kommune bør vurdere tiltak for å sikre at innkjøpspraksis vert følgd i henhold til lov- og forskriftsverk
- Vik kommune bør vurdere å komplettere eige reglement på innkjøpsområdet

Kontrollutvalet vil tilrå at tilrådingane i rapporten vert følgt opp for å forbetre anbods- og innkjøpsrutinane i Vik kommune.

Kontrollutvalet vil fylgje med på arbeidet og vil be om ein statusrapport våren 2024.

Rapporten og kontrollutvalet sitt vedtak vert oversendt til kommunestyret.

VEDLEGG

Nr.	Dok. Dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	14.11.2022	Vestland Revisjon	Oversending Forvaltningsrevisjon Innkjøp og anbodspraksis i Vik kommune
2	25.11.2022	Vestland Revisjon	Rapport - Forvaltningsrevisjon Innkjøp og anbodspraksis i Vik kommune - <i>endeleg</i>

MØTEBOK KONTROLLUTVALET I VIK

23.11.2022 KONTROLLUTVALET

Revisor presenterte bakgrunn for revisjonen, moment knytt til gjennomføring og hovudfunn i rapporten.

Kontrollutvalet fekk høve til å stille spørsmål, og drøfta rapporten.

Sak 16/2022 Vedtak

Kontrollutvalet viser til vedlagt forvaltningsrevisjonsrapport frå Vestland Revisjon.

Basert på konklusjonane syner revisjonen at Vik kommune har fleire område som må forbetrast.

Revisor kjem med følgjande tilrådingar til tiltak basert på det som kjem fram i forvaltningsrevisjonen:

- Vik kommune bør vurdere å utarbeide skriftlege rutinar for kjøp etter lov om offentlege anskaffingar
- Vik kommune bør vurdere tiltak for å sikre at innkjøpspraksis vert følgd i henhald til lov- og forskriftsverk
- Vik kommune bør vurdere å komplettere eige reglement på innkjøpsområdet

Kontrollutvalet vil tilrå at tilrådingane i rapporten vert følgd opp for å innkjøps- og anbudspraksis i Vik kommune.

Kontrollutvalet vil fylgje med på arbeidet og vil be om ein statusrapport våren 2024.

Rapporten og kontrollutvalet sitt vedtak vert oversendt til kommunestyret.

Samrøystes.

MØTEBOK KONTROLLUTVALET I VIK

Sak 17/2022 Oppfølgjing i høve plan for forvaltningsrevisjon

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Kristine Lie	23.11.2022	17/2022

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Saka vert lagt fram utan tilråding, til drøfting og avgjerd i kontrollutvalet. Kontrollutvalet må vurdere om ein vil setje i gang bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjekt basert på prosjekt som er prioritert som nummer 3 i plan for forvaltningsrevisjon, eller om kontrollutvalet vil gjere endringar i prioriteringa i samsvar med fullmakt frå kommunestyret.

VEDLEGG

1. Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll
2. Risiko og vesentlegheitsvurdering

23.11.2022 KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet diskuterte aktuelle områder for forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet ser ingen grunn til å avvike prioriteringslista i “plan for forvaltningsrevisjon”, og meiner “rekruttering, kompetanse og ressursar”, som er rangert som neste tema no bør prioriterast. Kontrollutvalet understreka at forvaltningsrevisjonen bør sjå nærare på Vik kommune si handtering og oppfølgjing av innmeldte avvik, og om denne er tilstrekkelig effektiv.

Sak 17/2022 Vedtak

Kontrollutvalet vedtek å gjennomføre forvaltningsrevisjon med tema rekruttering, kompetanse og ressursar i 2023, med utgangspunkt i problemstillingar som skildra i Risiko- og vesentlighetsvurderinga (vedlegg 2)

Sekretariatet sender bestilling til forvaltningsrevisor (Vestland Revisjon KO), og ber om at forvaltningsrevisor ut frå risiko- og vesentlegheitsvurderinga og momenta i dette vedtaket utarbeider utkast til prosjektpplan som leggst fram i neste møte (møte 1 i 2023).

Samrøystes.

MØTEBOK KONTROLLUTVALET I VIK

Sak 18/2022 Utkast til møteplan for 2023

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Kristine Lie	23.11.22	18/2022

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Kontrollutvalet går gjennom og reviderer vedlagte utkast til møteplan for 2023.

23.11.2022 KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet drøfta framlegg til møteplan for 2023. Kontrollutvalet vart samde om å endre dato for møte 2 til 10. mai.

Sak 18/2022 VEDTAK:

Kontrollutvalet vedtek følgjande møteplan for 2023:

Møte 1: uendra 15. februar
Møte 2: endra 10. mai
Møte 3: uendra 14. juni
Møte 4: uendra 20. september
Møte 5: uendra 22. november

Samrøystes.
